



## Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Knut Bjørnevoll

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
19/296891-2

Dykkar referanse: Vår dato:  
19/2197 – 19/30429 25.10.2019

### Svar på søknad om dispensasjon frå kommuneplan – tilbygg hytte – gnr. 123 bnr. 15 – Risa – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar søknad av 15.10.2019 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av tilbygg til hytte i LNF-område.

Statens vegvesen har vurdert dette forholdet og har ikkje vesentlege merknader til at det kan gjevast dispensasjon frå kommuneplanen slik det er søkt om.

Det er vidare stilt spørsmål om byggegrense til fylkesvegen i forbindelse med tilbygget og legging av røyrgate langs fylkesvegen.

Når det gjelder byggegrense til fylkesvegen for oppføring av tilbygget kan vi opplyse at Lindås kommune har innarbeidd «Rammeplan for handsaming av søknad om avkøyring og byggegrense til riks- og fylkesveggar». Det er difor Lindås kommune som skal handsame søknad om dispensasjon frå byggegrensa i dette tilfellet etter at Statens vegvesen har gjeve formell uttale til søknaden.

Når det gjeld søknaden om legging av røyrgate nær inntil fylkesvegen er vi samd i at dette forholdet bør avklarast ved gravemeldinga som må sendast før dette arbeidet kan starte opp.

Vi har vurdert søknaden om byggegrense for tilbygget til eksisterande hytte og har ikkje vesentlege merknader til at det kan gjevast dispensasjon slik det er søkt om.

Etter at Lindås kommune har gjeve dispensasjon frå formålet i kommuneplanen kan det sendast søknad til Statens vegvesen om utvida bruk av avkøyringa til eigedomen.

Statens vegvesen har vore på staden og ein har vurdert situasjonen slik at det kan påreknast løyve til utvida bruk, men det vil måtte påreknast relativt omfattande tiltak med legging av røyr og utbetring av avkøyringa for å tilfredsstille krava i handbok N100.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
Senioringeniør

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

HORDALAND FYLKESKOMMUNE SAMFERDSELSAVDELINGA, Postboks 7900, 5020 BERGEN